

# KVEN KAN SEIA NEI TIL GUD?

*Kvinner i presteteneste på Møre*

Ingeborg Midttømme «

Ruth Glæstad «

Carina Møller «

Matias Austrheim «

Inger Margrete og John Sylte «

Margit Lovise Holte «

Kari Synnøve Gaustadnes Hoel «

Anne Marit Riste «

Odd Bondevik «

MØRE BISPEDØMME

# KVEN KAN SEIA NEI TIL GUD?

*Kvinner i presteteneste på Møre*


Ingeborg Midttømme
Ruth Glæstad
Carina Møller
Matias Austrheim
Inger Margrete og John Sylte
Margit Lovise Holte
Kari Synnøve Gaustadnes Hoel
Anne Marit Riste
Odd Bondevik


MØRE BISPEDØMME

**KVEN KAN SEIA NEI TIIL GUD?**
MØRE BISPEDØMME

OPPLAG: 1000
PAPIR: EDIXION 150 G
PRODUKSJON: EKH.NO 2011

UTGITT AV: MØRE BISPEDØMME
WWW.KIRKEN.NO/MORE

ISBN: 978-82-7955-113-3

# INNHALD


7 **Biskop Ingeborg Midttømme**
KUNNE IKKE AVVISE KALLET

11 **Ruth Glæstad**
VEGEN TIL TEOLOGISTUDIET VART NOKO KROKETE

17 **Carina Møller**
KUNNE BLITT GULLSMED

23 **Matias Austrheim**
VOKS OPP MED STERKE MISJONSKVINNER

29 **Inger Margrete og John Sylte**
GODT Å HA SLEKT I NÆRHETEN

35 **Margit Lovise Holte**
VIKTIG Å HALDE STØ KURS OG FORVALTE TALENTA

41 **Kari Synnøve Gaustadnes Hoel**
VIL HOLDE RYKTET OM JESUS LEVENDE

47 **Anne Marit Riste**
FØLER MEG VELKOMMEN OG SATT PRIS PÅ

53 **Biskop emeritus Odd Bondevik**
KVINNER TILFØRER TEOLOGIEN VIKTIGE DIMENSJONER

54 **Ordinerte kvinner**



FOTO: JØRN GRØNLUND

*Biskop Ingeborg Midttømme*

# KUNNE IKKE AVVISE KALLET

*«Det fortelles at de straks lot garna ligge, og fulgte ham. De visste ikke hva de gikk til, men de kunne ikke si nei til Jesus. De kunne ikke avvise kallet.»*

«Kom, følg meg, så vil jeg gjøre dere til menneskefiskere!», sa Jesus til to som holdt på med garnfiske i Galileasjøen. De gjorde som han sa. Det fortelles at de straks lot garna ligge, og fulgte ham. De visste ikke hva de gikk til, men de kunne ikke si nei til Jesus. De kunne ikke avvise kallet.

Bibelen gir oss mange historier om både kvinner og menn med forskjellig alder og bakgrunn som Gud kaller til tjeneste. Disse bibelfortellingene har gjennom alle tider inspirert og utfordret mennesker til å finne sin veg for å bringe evangeliet videre. Gjennom århundrene har kirkens rammer for hvem som kan gjøre dette, forandret seg. De som hadde møtt kallet, kunne ikke si nei.

## Fikk mot til å spørre Gud

Fortellinger om kvinner og menn med ulike erfaringer som har tatt imot kallet, var viktig for at jeg selv skulle våge å si ja til å bli prest. Ved å lese andres kallshistorie fikk jeg mot til å spørre Gud: «Er dette din vilje? Er det din stemme jeg hører?» Kirken trenger alltid nye prester. Vårt felles ansvar er å forkynne og be frem kallet til tjeneste i hver ny generasjon.

50 år har gått siden vår kirke ordinerte den første kvinnen til prestetjeneste.

Hun ble en døråpner for mange. I Møre bispedømmes korte historie har så langt 28 ordinerte kvinner gjort tjeneste. I denne boken har vi samlet intervju med noen dem om deres veg til prestetjeneste og ulike erfaringer de gjør. Samtidig får vi høre om menns erfaringer. Noen har stått lenge i tjeneste. Andre har nettopp startet. Noen møtte et tydelig kall i ung alder, mens andre har hatt en lengre veg å gå. En av dem skriver: «Eg har nokre gonger hatt kjensle av at gjerne godt vaksne kvinner føler at dei har fått styrka sitt verd gjennom mi prestetezneste.» En annen skriver: «Jeg håper at andre kvinner skal legge merke til at det faktisk finnes noen av oss, og at det ikke virker avskrekkende.» Vi tror at deres fortellinger kan gi flere frimodighet til å følge kallet og gå den samme vegen.

**Kirkens kall**

Da vår kirke sendte den første kvinnen ut i prestetjeneste og ga henne ansvar for å forkynne evangeliet, gjorde kirken det samme som engelen gjorde påskemorgen. Da ble de første kvinnene sendt av sted for å fortelle at graven var tom, Jesus lever og vil møte oss. Det er kjernen i kirkens kall.

Erfaringen viser at kvinner gjennom sin prestetjeneste har bidratt til at forkynnelsen og de bilder som hentes frem fra Bibelen, har fått flere fasetter. Mange mennesker forteller at det har blitt større rom for deres tro ved at kvinners erfaringer blir reflektert på en annen måte gjennom forkynnelse og sjelesorg. Flere våger å si at de hører hjemme i kirken, og at de har fått hjelp til å tro.

**Viktig å møte alle med respekt**

Samtidig er det krevende for flere at vår kirke har endret seg og nå så tydelig løfter frem verdien av at både kvinner og menn kan være prester. For meg som biskop er det viktig å møte alle med respekt for det synet de har. Det handler

ikke om kvinnesyn, men om bibelsyn. Det er gledelig å erfare den fleksibilitet og det gode samarbeidet som skjer lokalt i menighetene her i Møre så evangeliet kan lyde i hele sin bredde.

**Menn har fått større bredde i sin prestetjeneste**

Presteembetet har gjennom noen tiår utviklet seg fra å fremstå som et «tukte- og læreembete» til også å være et «trøste- og bæreembete». Alle disse aspektene er sider ved den forpliktelse som legges på en prest ved ordinasjonen. Kvinner har gjennom sin prestetjeneste bidratt til at også menn i større grad får rom for en større bredde i sin prestetjeneste. Denne endringen i forståelsen av prestens ansvar har gitt oss en rikere kirke.

En annen gledelig følge av at kirken har fått kvinner som tydelige åndelige ledere, er den anerkjennelse det har gitt til alt det menighetsbyggende arbeid kvinner tradisjonelt har gjort i det stille. Det har gitt nye generasjoner kvinner frimodighet til å ta ansvar på alle områder i kirkens liv.

**Noen fikk mot til å komme**

Som ung prest gjorde jeg flere sterke erfaringer knyttet til sjelesorgsituasjoner fordi jeg var kvinne. Historier som var båret i ensomhet gjennom år, fikk ord. Skammen og smerten hos kvinnene som kom til meg var for stor til at de hadde våget å sette ord på det i møte med en mann. Da var det meningsfullt å være prest – og kvinne. Noen fikk mot til å komme med den børa de bar så tungt, snakke sant om livet og sant om Gud. I møte med evangeliet fikk de mot til å leve. Målet for alt kirkens arbeid er å gi oss rom for å leve i dåpens nåde. Å formidle hvordan Jesus Kristus gjennom sitt liv, sin død og oppstandelse har elsket oss til Gud, er vårt kall.

*«Skammen og smerten hos kvinnene som kom til meg var for stor til at de hadde våget å sette ord på det i møte med en mann. Da var det meningsfullt å være prest – og kvinne.»*



FOTO: ALLMENNING, SANDANE

*Ruth Glæstad*

# VEGEN TIL TEOLOGISTUDIET VART NOKO KROKETE

*«Det var ikkje noko som tilsa at eg skulle studere teologi og bli prest. Eg voks opp i ein heim der kristentrua var levande og aktiv, men det var ein heller stillfarande familie som ikkje var med i styre og stell – kvardagen var for travel til det.»*

– Kanskje det heller var teologistudiet som valde meg? Det var ikkje noko som tilsa at eg skulle studere teologi og bli prest. Eg voks opp i ein heim der kristentrua var levande og aktiv, men det var ein heller stillfarande familie som ikkje var med i styre og stell – kvardagen var for travel til det.

Det er mangeårig sokneprest i Vanylven, Ruth Glæstad, som reflekterer over starten til prestetenesta, og ho fortel vidare:

– Det som kunne vere meir nærliggjande, var misjonsteneste. Misjonærar og det dei fortalde, gjorde inntrykk. Eg gjekk mellom anna eit år på Misjonssambandet sin folkehøgskule Rødde, og der var det mange misjonærar innom. Da eg tok til å studere, sikta eg meg inn mot å bli lærar. Eg fekk noko erfaring med det både som lærar i framhaldsskule og folkehøgskule.

## Inspirerande lærarar

– *Men kva med teologistudiet?*

– Vegen til teologistudiet vart noko krokete, men det var nok nødvendig ettersom det var så utenkt for meg. Det var interessa for faget som førte meg den vegen og ikkje minst inspirerande lærarar på det som da heitte Norges Lærerhøyskole i Trondheim. Der underviste og inspirerte Åge Holter, Brynjar Haraldsø og domprost Johan B Rian. Først tok eg kristendom grunnfag der, seinare mellomfag, nokre førebuande fag og til slutt pedagogikk medan eg grunda

mykje på det med teologistudium. Seks år på Menighetsfakultetet starta i 1968 med bryllaupet til Sonja og Harald og demonstrasjonstog til den sovjetiske ambassaden for å markere protest mot invasjonen i Tsjekkia.

**Stormfullt ved juletider 1987**

Etter teologistudiet stifta Ruth Glæstad familie og flytta til Vanylven. Ho hadde budd der i 14 år da ho søkte prestestillinga som da vart utlyst for tredje gong.

– *Korleis var reaksjonane?*

– Eg visste det var nokre som var sterkt imot at kvinner skulle gjere presteteneste, difor var ikkje Vanylven førstevalet. Da biskop Nordhaug tillyste ordinasjon, vekte det stort engasjement både for og imot at det skulle skje. Det var ei stormfull tid ved juletider 1987 og nyåret 1988. Stort engasjement, mange avisspalter, sterk støtte og ein del motstand. Eg trur ikkje det var meg personleg som var så uynskt, men mi presteteneste.

**Positive og støttande reaksjonar**

Det gjekk 20 år frå Ruth Glæstad tok valet om teologi og presteteneste til ho vart ordinert.

– Så det var ikkje eit påfunn, men ei klar overtyding som eg opplevde som eit kall og ei tilrettelegging frå Gud. For meg var det ikkje noko skilje mellom person og teneste, difor ramma dei negative reaksjonane meg. No hadde eg også fått eit kall frå kyrkja, i første omgang til vikarteneste, seinare vart eg utnemnd til sokneprest i Vanylven – forresten den siste embetsmann i kommunen! Men – dei positive og støttande reaksjonane var langt fleire og sterkare, og dei gav meg det nødvendige frimotet til å ta imot ordinasjonen og gå inn i tenesta. Eg såg at det var godt at eg hadde budd i kommunen i 14 år før eg vart prest slik at eg kjende folket og folket kjende meg.

– *Kva tenkjer du om desse reaksjonane i ettertid?*

– Eg forstår at for dei som hadde ei så sterk overtyding om at Gud ikkje kallar kvinner til prestar, var det vanskeleg å akseptere at eg gjekk inn i den tenesta i

deira sokn og deira kyrkje. Det kalla fram både sorg og sinne, nokre sa opp stillingane og verva sine i kyrkja, og det var sikkert svært tungt for dei.

### Negative reaksjonar har mykje større styrke

*– Korleis har dette prega deg?*

– Det er ei allmenn erfaring at negative reaksjonar har mykje større styrke og varer lenger enn dei positive. Slik også for meg. Eg har nok bore med meg ei kjensle like under overflata om at eg er uynskt – av nokre. Eg har i alle fall vore vàr på dette, trass i alle forsikringar og påminningar om det motsette. Men slik vart mitt presteliv, og eg vil ikkje beklage det no. Gledene og det meiningsfylte i tenesta er det sterkaste når eg no tenkjer tilbake på åra eg fekk som prest i Vanylven. Det er så mange som har vore rause med støtte, oppmuntring og ros.

*– Din generasjon kvinner i presteteneste har ikkje hatt mange rollemodellar. Kva har det betydd?*

*«Dei kvinnene som etter kvart vart prestar, var stort sett langt unna meg og mitt liv, men eg la nok merke til ein del av dei – positivt og negativt.»*

– Dei kvinnene som etter kvart vart prestar, var stort sett langt unna meg og mitt liv, men eg la nok merke til ein del av dei – positivt og negativt. Eg hugsar at eg nok syntest det ikkje var så godt det eg las og høyrde om Ingrid Bjerkås. I ettertid har eg fått vite meir om hennar liv og virke og innser at det måtte vel ei slik kvinne til for å bryte den muren som var mot kvinner i presteteneste. Eg ser at eg har vore med og skapt kvinneleg presterolle og kanskje også påverka den mannlege presterolla gjennom det.

### Familien som støttespelarar

*– Kva støttespelarar har hatt spesiell betydning?*

– For meg har det vore avgjerande viktig å ha familien som støttespelarar i eit så «uregjerleg» yrke som presten har. Eg veit dei har tatt mange tak for at eg kunne gjere mi teneste. Nokre nære og trufaste venner har stått meg bi i alle år, forstått det når det var ekstra tunge oppdrag, oppmuntra og støtta når det var motbør og gitt frimot og glede i det daglege og det festlege. Eg tenkjer av og til at eg ikkje kunne klart meg utan desse to gruppene.

## Nokon må gå

*– Kva med dei mange krevjande livssituasjonane som du har møtt, korleis har det vore?*

– Noko av det eg er takksam for som pensjonist, er at eg ikkje skal gå med dødsbod meir. Det har vore ein tung del av tenesta, og eg har så mange gonger ved slike høve mota meg opp med å seie: Nokon må gå. Det er di oppgåve her og no. Noko av det same har eg tenkt i vanskelege og tunge gravferder. Det er ikkje sikkert det er orda du seier, som er det viktigaste, men du kan vere der. Og ikkje minst: du er der på kyrkja sine vegner og du representerer den Gud som er med og står bi også i livets hardaste stormar.

*– Du blei pensjonist i 2010. Når du ser tilbake, kva var viktigast for deg?*

– Eg har hatt ei svært meiningsfull teneste. Eg kan ikkje sjå attende på resultat som let seg måle korkje på den eine måten eller den andre, men eg har fått vere med i viktige vegskilje i folk sitt liv – dei store dagane i glede og sorg – og mitt oppdrag var å minne om og løfte fram evangeliet om Guds nåde og Jesu kjærleik.

*«Eg har fått vere ved så viktige vegskilje i folk sitt liv – dei store dagane i glede og sorg – og mitt oppdrag var å minne om og løfte fram evangeliet om Guds nåde og Jesu kjærleik.»*

## Presteyrket er identitetsskapande

*– Ein gong prest, alltid prest, seier nokon. Korleis er dette for deg?*

– Det vart ikkje meir enn knapt 25 år i presteteneste for meg, men eg hadde ei bevisstheit og eit mål om vere prest i åra før også. Ser eg det i samanheng, så har eg hatt presten med meg i nærare 40 år frå då eg var sommarvikar for soknepresten på Karlsøy i Troms i 1970 og for sjukehuspresten i Tromsø sommaren etter. Presteyrket er identitetsskapande, kanskje meir enn dei fleste andre yrke, så det heng ved meg framleis. Men det har vore godt å ikkje ha så mange presteoppgåver no denne første tida etter at eg vart pensjonist, det har vore så mange andre krevjande oppgåver. Eg har ikkje pakka bort prestekjolen, og eg er takksam for å bli rekna med framleis.

## Kvinnene har skapt balanse

*– Kva tenkjer du at kvinnene spesielt har tilført prestetenesta?*

– Kvinnene har vore med og skapt balanse i kyrkja gjennom å vere synlege og aktive også i funksjonen som prest. Ingen kjem bort frå at kvinnene er halvparten – og delvis meir – i kyrkja. Eg har nokre gonger hatt ei kjensle av at gjerne godt vaksne kvinner føler at dei har fått styrkt sitt verd gjennom mi presteteneste, dei har retta nakken og sagt «Yes, we can!». Kvinne- og morsperspektivet på liv og kvardag må også inn i måten kyrkja lever og forkynner på. Vi har gjort kyrkja meir «heil og sann» når vi har gått i spora av kvinnene i Jesu fylgje og nærleik og i spora av kvinnene opp gjennom historia.

*– Kva er det finaste du kan seie om arbeidet som prest?*

– Det finaste ved prestetenesta er å vere til stades og medverkande i livets høgtidsstunder – i sorg og glede, i personlege og nasjonale høgtidsstunder. Vi har vår arbeidsstad i bygda sitt finaste hus, eit hus så å seie alle er glade i – sjølv om dei ikkje er der så ofte.

**Kvinner er ynskt overalt no**

*– Møre har færrast kvinner i presteteneste i landet. Kva kan gjerast for å betre den statistikken?*

– Møre har nok urettmessig ord på seg for å vere ein vanskeleg stad for kvinner å vere prest. Og eg ser ikkje bort frå at mine erfaringar har bidrege til det. Men mine erfaringar høyrer historia til, kvinner er ynskte overalt no. Media er nok meir interesserte i å fortelje om strid og vanskar og motstand enn det motsette. Positiv informasjon og personlege møte med kvinner i presteteneste i Møre er kanskje ein veg å gå. For ei tid sidan la nokre av oss kvinnene i dette prostiet fram eit forslag til ei samling der kvinner under utdanning vart inviterte til ei helg/nokre dagar saman med kvinneprestar i Møre. Dette vart det ikkje noko av, men kanskje ein no ser at det er nødvendig å gjere noko slikt for å betre på kvinneprosenten.

*– Kva vil du seie til unge menneske som tenkjer på å bli prestar?*

– Prestetenesta er ei svært meiningsfylt teneste. Du opplever «å gjere ein forskjell» for menneske med det du er og med det du har å formidle og forkynne, seier Glæstad.


FOTO: PRIVAT

*Carina Møller*

# KUNNE BLITT GULLSMED

*«At han ville ha meg som prest, var nærmest utenkelig. Jeg tror at jeg trodde at Gud ikke ville ha kvinnelige prester.»*

Carina Møller var 16–17 år da tanken om å bli prest begynte å bli klar for henne. Frem til da hadde hun planer om å bli gullsmed i 8. generasjon i familiens bedrift i Trondheim. Men teologistudiet ble et naturlig valg. Siden 2006 har hun vært prest på Averøy.

– Vennekretsen ble utvidet da jeg begynte på videregående skole, og jeg begynte å synge i et kristent kor. Det førte til at jeg inntok en mer bevisst holdning til min egen tro og hva Gud ville at jeg skulle bruke livet mitt til. At han ville ha meg som prest, var nærmest utenkelig. Jeg tror at jeg trodde at Gud ikke ville ha kvinnelige prester, forteller sokneprest Carina Møller.

**Måtte kjempe mot egen motstand mot kvinnelige prester**

– *Likevel valgte du å studere teologi. Hvordan ble studietiden?*

– Først måtte jeg kjempe med min egen motstand mot kvinnelige prester. Deretter var det høylydte diskusjoner om kjønnsroller og «Guds klare ord» i kantina på Menighetsfakultetet. Jeg har alltid foretrukket å observere slike diskusjoner fra sidelinjen.

– *Hva har dette gjort med deg?*

– De rundene jeg måtte gå med meg selv og mitt eget bibelsyn, gav meg mer innsikt. Jeg forstår at enkelte kristnes samvittighet overfor Gud og Bibelen hindret dem i å tolke Guds ord ut fra den tid vi lever i. Personlig tror jeg ikke

lenger på at det er bare samvittigheten som avgjør. Frykt er nok et ord som dessverre styrer de fleste av våre meninger og handlingsmønster. Men voksne skal ikke være redde og kamuflere seg med harde debatter og motangrep. Mange kristne vil ikke innrømme at de er usikre. Det handler vel om egen tro og frykt for å innrømme tvil, eller at Guds ord ikke er entydig i vår verden. Istedenfor å innta en ydmyk og respektfull holdning til andre, så har mange en krigers holdning til sine meningsmotstandere.

## Behov for kvinnelige rollemodeller

*– Har det vært noen støttespillere eller rollemodeller som har hatt spesiell betydning for deg?*

– Det er mange jeg kan takke for hjelp og støtte på veien til prestetjenesten. Etter fem år i yrkeslivet skulle jeg ønske at jeg kunne svare et tydelig ja på spørsmålet om rollemodeller. Men Møre er et mannsdominert bispedømme med få unge prester. Dess lenger jeg har stått i tjenesten, dess tydeligere ser jeg mitt behov for kvinnelige rollemodeller. Jeg har mange gode støttespillere i mitt kollegium, men jeg har få eller ingen som jeg kan identifisere meg med ut fra kjønn og livssituasjon. Det er egentlig litt ensomt.

## Plutselig ble jeg så rørt

*– Har det hatt noen spesiell betydning at biskopen i Møre er kvinne?*

– Jeg husker første gang hun talte til oss på prestekonvent. Hun hadde vel vært biskop i bare noen uker, plutselig ble jeg så rørt. En kvinne! I det daglige har jo dette egentlig veldig liten betydning, men der og da var det et fint øyeblikk.

Carina Møller omtaler arbeidsrommet sitt som et hellig sted fylt av kunst og historie. Det motiverer henne. Den sammensatte jobben som prest omtaler hun som veldig motiverende.

– Ingen dager er like. Jeg jobber med småbarnsforeldre og deres barn, ungdom som prøver «å finne seg selv», middelaldrende som følger sine til graven

og gamle mennesker i livets siste fase. Jeg får lov til å bruke mine egne kreative sider og er heldig som får jobbe så tett på utrolig dyktige musikere.

**Sorg tar stor plass**

– *Hva gjør møte med sorg med deg?*

– Mye. Sorgen som enkelte familier må bære med seg etter samlivsbrudd, tidlig dødsfall eller ulykker tar stor plass også i mitt liv. Jeg tror ikke det er mulig i denne jobben å følge mennesker i sorg uten å la seg berøre. De sørger over den de mistet, jeg sørger over deres sorg og det er nødvendig for at jeg skal være i stand til å hjelpe dem som prest. Men det er slitsomt, og det gjør det absolutt nødvendig for prester å ha noen å snakke med selv.

– *Du har sagt at du har spesiell glede av samarbeidet med konfirmanter. Hvorfor?*

– Konfirmanter er 100 prosent ærlige på godt og vondt. Livet er svart eller hvitt og de hiver seg inn i diskusjoner uten regler eller sperrer. De er bråmodne og kjempebarnslige på en og samme gang. Egentlig tror jeg at jeg ligner ganske mye på dem.



**Hvem kan si nei til Gud?**

– *Du har arbeidet som prest i drøyt fem år. Ville du ha valgt samme yrke på nytt?*

– In sa Allah, sier muslimene, eller hvis Gud vil. Det er jo han som har gitt meg kallet. Er han fornøyd med min tjeneste nå, så ville han vel spurt igjen. Og hvem kan si nei til Gud?

– *Hva er viktigst for deg i arbeidet?*

– Det var et vanskelig spørsmål. Det

burde vært greit å svare Matt 28:18–20, misjonsbefalingen. Men hva er misjon? Jeg er nok en prest som ønsker å gi vanlige mennesker et godt inntrykk av og en lyst til å bli bedre kjent med det kristne fellesskap. Derfor er jeg veldig glad i et sitat fra Frans av Assisi: «Forkynn evangeliet, om nødvendig også med ord.»

## Naivt positivt menneskesyn

*– Hva inspirerer deg?*

– Menneskene og potensialet i alle mennesker. Å møte mennesker som blir positivt overrasket over møtet med kirken. Å gå et stykke sammen med mennesker som trodde de ikke hadde noe å bidra med i kirken. Det er en inspirasjon. Jeg har et naivt positivt menneskesyn. Om mange gjør mye dumt, kan de helt sikkert forandre seg bare de blir møtt med kjærlighet og respekt. Litt sukkersøtt og banalt sagt, jeg vet det.

*– Hvorfor valgte du å komme til Averøya, du som kommer fra Trondheim?*

- Da jeg studerte i Oslo og kjørte oppover Østerdalen på vei hjem til jul og sommerferier, så ba jeg oppriktig til Gud om å slippe å bli kalt til de store skogene. Det er vakkert der også, men jeg er litt klaustrofobisk av meg. At jeg fikk et kall ytterst i havgapet, må være mer enn et slumpetreff.

*«Jeg har et naivt positivt menneskesyn. Om mange gjør mye dumt, kan de helt sikkert forandre seg bare de blir møtt med kjærlighet og respekt. Litt sukkersøtt og banalt sagt, jeg vet det.»*

## Mennesker er forskjellige og kjønn er forskjellige

*– Hva kan du som kvinne spesielt tilføre prestetjeneste?*

– Å være kvinne. Halvparten av oss er jo jenter eller kvinner, og å ha prester av begge kjønn betyr i seg selv veldig mye for våre menigheter. Mennesker er forskjellige og kjønn er forskjellige. Vi prester har forskjellige perspektiver med oss inn i hele prestetjenesten, enten det er teksttolkning og preken eller sorgarbeid.

*– En prest får ofte respons fra menigheten. Hva betyr slike tilbakemeldinger for deg?*

– Det er kjempekoselig å få et klapp på skulderen og en takk når noen setter

pris på det du har gjort eller sagt. Men man får jo helst bare de gode tilbakemeldingene. Det kan være farlig å gjøre seg avhengig av den typen feedback. Faglig konstruktiv kritikk vanker det lite av. Det viktigste er å vurdere selv, når har jeg gjort en god jobb?

**«Her har vi et gubbevelde»**

Møre har et omdømmeproblem, mener Carina Møller, og viser til statistikken om at bispedømmet har færrest kvinner i prestetjeneste.

– Hvis vi sier at «her har vi et gubbevelde», så betakker vel unge kvinner seg fra å søke hit. Å være eneste prest i soknet og den faglige ensomheten er også en utfordring. Kanskje er det løsningen for noen å tilhøre en større stab, selv om det kan føre til lengre avstand til den geografiske menigheten? Jeg håper at andre kvinner skal legge merke til at det faktisk finnes noen av oss, og at det ikke virker avskrekkende.

*– Hva er det fineste du kan si om arbeidet som prest?*

– Menighetsarbeid ville vært en viktig del av fritiden min hvis jeg ikke var prest. Nå får jeg lønn for å drive hobby på heltid. Jeg setter stor pris på variasjonene og de store kontrastene i arbeidshverdagen. Selv om jeg jobber mange høytidsdager og nesten alle helger, så er jeg fornøyd med den relativt store friheten jeg har i arbeidshverdagene.

**Maken til jobb får du ikke for penger**

*– Hva vil du si til unge mennesker som tenker på å bli prester?*

– Det anbefales! Studiet er ett år kortere enn da jeg begynte også. Jobben er veldig fin, selv om det kan bli litt stridt i perioder. Lønna kunne vært bedre, men jeg har mer enn nok til salt i grøten. Og maken til jobb får du ikke for penger, sier sokneprest Carina Møller.


FOTO: HALLVARD BERGMANN, MØRE NYTT

*Matias Austrheim*

# VOKS OPP MED STERKE MISJONSKVINNER

*«Eg tvila aldri på kvinners genuine kall til teneste i Guds rike. Grunnen var enkel: sterke og profilerte kvinner hadde prega livet mitt opp gjennom barneåra. Bestemor mi var ein lesar, ei misjonskvinne og ein forbedar som sette spor.»*

– Eg tvila aldri på kvinners genuine kall til teneste i Guds rike. Grunnen var enkel: sterke og profilerte kvinner hadde prega livet mitt opp gjennom barneåra. Bestemor mi var ein lesar, ei misjonskvinne og ein forbedar som sette spor. Eg voks opp med sterke og levande misjonsforeiningar. Det var kvinner som brann for misjonen og Guds rike, fortel sokneprest i Ørsta, Matias Austrheim. Kvinner sitt kall til teneste i misjonen både heime og ute var såleis ein viktig del av den åndelege ballast Austrheim fekk med seg frå heimbygda Sandane i Nordfjord. Tre misjonærkvinner hadde reist ut frå heimbygda med misjonskall. To av dei med livslang teneste i Kina, den tredje vart myrda på sin post i Etiopia midt på 60-talet, med borna som vitne.

– Slikt gjorde djupt inntrykk på meg, minnest Austrheim.

## Uavklara teologisk embetssyn

– *Men kva med kvinner i presteteneste?*

– Eg har aldri stått på barrikadane verken for eller mot kvinneleg presteteneste. Men eg gjekk ut som teologisk kandidat frå MF i 1974 med tilslutning

til kyrkja sitt «gamle» og tradisjonelle syn på kvinneleg presteteneste. I ettertid ser eg at mitt teologiske embetssyn var sprikande og uavklara. Kvinner kunne vere misjonærar og forkynnarar, men ikkje prestar.

*– Kva så?*

– Eg såg likevel ingen tungtvegande grunnar til å setje meg over kristne generasjonars 2000-årige forståing av prestetenesta og Bibelen. Denne identifikasjonen med den kyrkjelege tradisjonen vart forsterka av at eg såg på kampen for kvinneleg presteteneste mest som ein del av den politiske likestillingskampen i samfunnet.

## Fekk kvinneleg kollega

*– Kva har skjedd vidare?*

– Då eg kom til Møre i 1986, vart spørsmålet nærgåande på ein heilt ny måte. Eg måtte vere saman med kvinnelege prestar i ulike samanhengar. Kyrkjeleiinga og biskopane sto splitta, og overlet i praksis til kvar einskild prest og kyrkjelyd å finne vegen vidare. Det opplevde eg frustrerande. Eg hadde ikkje endra mitt grunnleggjande syn på kvinneleg presteteneste ut frå Skrifta og tradisjonen. Men kyrkja hadde innført nyordninga og eg valde å prøve å innrette meg etter det så godt eg kunne. Eg tvilte aldri på kvinnelege prestar sitt subjektive kall til teneste, det var like genuint som mitt eige kall. Snart fekk eg ein kvinneleg kollega i mitt eige prestegjeld, ein kjekk og flink prest, vi samarbeidde godt.

*– Korleis har denne prosessen vore?*

– Både lett og vanskeleg. Lett i tydinga at eg kunne «gøyme meg» bak ei ordning som etter kvart vart Den norske kyrkja si offisielle lære og praksis. Men etter kvart også meir krevjande. Det handlar om den teologiske utviklinga i Den norske kyrkja.

**Homofilisaka vanskelegare**

*– Kva tenkjer du då på?*

– For meg personleg er homofilisaka og den teologiske situasjon i kyrkja i dag ein vanskelegare situasjon enn det nyordninga med kvinneleg prestetenestе var, seier Austrheim.

– Kyrkja har bygt ut sine demokratiske rådsordningar og sin administrasjon. Kyrkja har eit demokratisk underskot, sa kyrkjestatsråd Giske. Men mi oppleving er heilt motsett: Vår kyrkje har ikkje eit demokratisk, men eit teologisk og åndeleg underskot.

*«Eg lærde Midttømme å kjenne som ein svært god leiar som sette i gang gode og viktige prosessar for å styrkje og utvikle personalomsorga i kyrkja.»*

*– Korleis var det å få ei kvinne som biskop i Møre?*

– Som regionalt verneombod i Møre bispedøme vart eg godt kjend med Ingeborg Midttømme då ho var hovudverneombod og seinare leiar i Den norske kirkes presteforening. Eg lærde henne å kjenne som ein svært god leiar som sette i gang gode og viktige prosessar for å styrkje og utvikle personalomsorga i kyrkja.

## SMS til biskopen

Då Ingeborg Midttømme blei utnemnd til biskop i Møre i mai 2008, sende Austrheim velkomsthelsing på SMS til den nye Mørebispen.

– Det er vel fyrste gong eg har drista meg til å sende ei slik helsing etter ei bispeutnemning. Før kvelden var omme, svara ho meg med ei fin helsing tilbake, minnest Austrheim.

*– Kva er det viktigaste kyrkja kan lære av diskusjonar omkring kvinner i presteteneste?*

– Dei såkalla «køyrereglane» som regulerte det praktiske samarbeidet mellom kvinner og menn i presteteneste, bør kunne stå som døme på at kyrkja også no må kunne finne ein veg i homofilisaka utan at prestar og kyrkjelydar som held fast på kyrkja si «gamle» lære, vert tvinga til å forlate Den norske kyrkja.

## Odelsgut til ein stor fruktgard

For Matias Austrheim sjølv var det på ingen måte opplagt at han skulle bli prest. Han var odelsgut til ein stor fruktgard på Sandane i Nordfjord. Alle omtala han som odelsguten då han kom heim på gardstunet.

– Eg hadde to kall, minnest han. På Sandane var eit stort og aktivt skulelag. Der fekk trua vekse og utvikle seg. Der møtte han ho som vart kona hans. Dei fekk med seg lagsleirar med sterk og klar bibelsk forkynning til tru og teneste. Vegen til teologistudiet var ikkje lang.

## Problematisk at han ville bli prest

– Det var likevel ikkje uproblematisk for far og bestefar at eg slo inn på ein studieveg som førte meg bort frå heimegarden. Far stussa og over at eg kunne tenkje på å bli prest. Han minte meg om prestemakta til embetsprestane i gamle

*«Far stussa og over at eg kunne tenkje på å bli prest. Han minte meg om prestemakta til embetsprestane i gamle dagar når dei la under seg gardar og eigedomar og heldt folk nede som leiglendingar og husfolk.»*

dagar når dei la under seg gardar og eigedomar og heldt folk nede som leiglendingar og husfolk.

Då odelsguten blei ordinert til presteteneste i den 800 år gamle heimekyrkja på Vereide i Nordfjord, opplevde han at foreldra var stolte og glade over å ha ein son som vart prest.

## Kristne må gjenoppdage og prioritere søndagsgudstenesta

*– Kva er det ved tenesta som har motivert deg?*

– Det eine er å feire kyrkjelyden si søndagsgudsteneste og få vere med og lære opp kristne til å prioritere gudstenesta. Eg har slutta å irritere meg over dei som ikkje kjem og gled meg heller over dei som samlast. Skal kristendommen overleve i ei tid med sterk sekularisering og avkristning, må kristne gjenoppdage og prioritere søndagsgudstenesta. Det andre som motiverer meg, er å farte rundt og møte menneske der menneske er. Som Jesus møtte kvinna ved brønnen, må vi i langt større grad kome oss ut av kontora og treffe folk på dei mange små møtepunkta rundt om.

## Fornying gjennom retreat

Sjølv hentar Matias Austrheim inspirasjon og fornying gjennom sine årlege retreatopphald på det katolske klosteret hjå St. Josephsøstrene i Oslo.

– Gjennom stille, tidebøner og åndeleg vegleiing får eg hjelp til å bli merksam på det som hender i livet mitt og lytte etter Guds tale og Guds vilje i det som skjer. Dette prøver eg å ta med meg og praktisere i møte med menneske i min eigen kyrkjelyd, seier soknepresten Matias Austrheim.




FOTO: OLAV SKJEGSTAD, ROMSDALS BUDSTIKKE

*Inger Marie og John Sylte*

# GODT Å HA SLEKT I NÆRHETEN

Først forelsket Inger Marie Jakobsen seg i teologistudenten John Sylte fra Vestnes. Så forelsket hun seg i fjellene i Romsdal. Da presteparet Sylte skulle etablere seg, var Vestnes et naturlig valg.

– Det er godt både for oss og barna å ha slekt i nærheten, sier de to.

Inger Marie Jakobsen Sylte arbeider med trosopplæring i Vestnes, mens John Sylte er menighetsprest i Rauma.

– *Hvorfor ble det slik?*

– Det falt på plass av seg selv ut fra interessefelt, og selvfølgelig avhengig av hvilke stillinger som var ledige på det aktuelle tidspunkt.

– *Hva er fordelen med en slik «arbeidsdeling»?*

– Fordelen må jo være at Inger Marie ikke har så mange gudstjenester. Slik unngår vi nok mange kollisjoner, sier John Sylte.

**Ugunstige arbeidstider – en utfordring**

– *Men hvordan er det å være ektepar og begge være prester?*

– For oss fungerer det godt. Det er en klar fordel at begge vet hva det vil si å

være prest. Av og til kan det være ugunstige arbeidstider, og da er det godt at den andre vet hvorfor det må være slik. Ugunstige arbeidstider er helt klart en utfordring i en småbarnsfamilie hvor begge er prester. Spesielt om begge skal ha tjeneste samtidig.

*– Hva er fordelene?*

– Jobben er relativt fleksibel. Vi har mulighet til å påvirke arbeidsdagen selv. Det er sjelden vi er presset på tid om morgenen, noe barna nyter godt av.

*– Hvilke svakheter må dere spesielt være oppmerksom på?*

– Den største svakheten er ugunstige arbeidstider. Det å jobbe hver eneste høytid kan være vanskelig for familien.

**Dypere innblikk i barnetroen**

Inger Marie og John Sylte valgte teologistudiet med ulike begrunnelser. Inger Marie følte det var et naturlig valg fordi hun ønsket et dypere innblikk i barnetroen sin. John hadde en opplevelse som 18-åring som gjorde at han kom til tro. For han kom tanken om å bli prest tidlig i studieløpet. For henne bygde tanken seg opp etter hvert. Presten Jan Asbjørn Sagen i Lade menighet i Trondheim ble en viktig støttespiller for dem begge. Først tok John kontakt med han, og ble tatt godt imot. Sagen hadde god tid til å lytte. Han ble etter hvert en slags mentor for både John og Inger Marie, og det var han som viet dem også.

## En utrolig variert jobb

Så langt har de fire år i prestetjeneste bak seg. De er samstemte i hva som motiverer dem:

– Vi synes det er spennende å møte mennesker i alle slags situasjoner og livsfaser. Å være prest er en utrolig variert jobb der vi får brukt mange sider ved oss selv. Vi jobber med og for det vi tror på. Det skiller dette yrket fra mange andre og gir et solid grunnlag.

## Noen ganger er korset veldig tungt

*– Hva er mest utfordrende i arbeidet som menighetsprest?*

– Det er de mange krevende livssituasjonene. Man vet aldri hva man havner oppi. Jeg har vært i situasjoner som har rystet både tro og humør. Det provoserer meg litt når enkelte hevder at det å være prest er en eneste dans på roser. Det er ikke min erfaring. Noen ganger er korset vi må bære, veldig tungt. Kirken har et stykke å gå når det gjelder oppfølging av prester i vanskelige situasjoner, sier John Sylte.

*«Det provoserer meg litt når enkelte hevder at det å være prest er en eneste dans på roser. Det er ikke min erfaring. Noen ganger er korset vi må bære, veldig tungt.»*

*– Hva er viktigst for deg i arbeidet?*

